

HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.: Marta Rognved Dixon
Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
2014/16232-4

Bergen 01.12.2016

Unnateke offentleggjering OFFL § 26, 4 ledd

Tilsegn om stønad til prosjekt 229802 Sustainable Cruises: Understanding and Optimizing People, Planet and Profit

Prosjektnummer: 229802
Administrativt ansvarleg: Marta Rognved Dixon
Prosjektleiar: Stefan Gössling
E-søknad ref. nr: ES510077

Vi viser til søknad om midlar til ovannemnde prosjekt .

Styret for Regionalt forskingsfond Vestlandet (RFF Vestlandet) har vedteke å støtte prosjektet med inntil **kr. 3000 000**.

Dette tilsegnsbrevet er sendt til den prosjektansvarlige, som har ansvar for å informere prosjektleiar og eventuelt andre som er knytt til prosjektet om vedtaket.

Utkast til kontrakt basert på innsendt søknad er lagt ved. Det vert invitert til kontraktmøte (sjå punkt 2 under).

1. Vilkår for tilsegna

- Tilsegna er gitt med føresetnad at prosjektansvarleg søkjar og sentrale samarbeidspartnarar har nødvendig gjennomføringsevne, både for FoU-prosjektet og realisering av innovasjonen.
- RFF Vestlandet sin støtte utgjer inntil **68%** av godkjende prosjektkostnader samla og per år, med mindre anna vert avtalt i kontraktforhandlingar.
- Vedteke støttebeløp er ei øvre ramme for støtte og vil kunne bli justert etter nærare gjennomgang av budsjettet i samband med kontraktforhandlingar.
- Prosjektansvarleg HORDALAND FYLKESKOM, skal føre eit eiga prosjektrekneskap over prosjektfinansiering og prosjektkostnader. Prosjektfinansieringa og prosjektkostnadene skal gå fram av prosjektansvarleg sitt offisielle rekneskap.

Statsstøtteregelverket

Støtte frå Regionale forskingsfond må til ein kvar tid vere i tråd med EU sitt statsstøtteregelverk . Støtte er gitt under føresetnad av at forskrift om unntak frå notifikasjonsplikt for offentlig støtte § 1, jf. EØS-avtalens vedlegg XV nr. 1j og artikkel 25-30 i forordning (EU) nr. 651/2014, vert overholden.

- Bedrifta har eit sjølvstendig ansvar for at statsstøtteregulverket blir følgt og må stadfeste dette gjennom eiga erklæring.
- Dersom støttemottakar er utdannings- eller forskingsinstitusjon som også driv økonomisk aktivitet, for eksempel oppdragsforskning, er det eit vilkår at midlane ikkje skal verte nytta til å krysssubsidiere slik økonomisk aktivitet.

Krav til samarbeidsavtale mellom partnarane i prosjektet

Samarbeidsavtale mellom partane som deltar i prosjektet er ein del av kontrakten. RFF Vestlandet har ikkje eigne malar for samarbeidsavtaler. Her viser vi til Forskningsrådet sine malar: <http://www.forskningsradet.no/no/Samarbeidsavtaler/1253992589820>
Hugs å erstatte Forskningsrådet med RFF Vestlandet i endeleg samarbeidsavtale.

2. Møte om prosjektet og kontraktvilkår

RFF Vestlandet vil gjennomføre kontraktmøte med alle prosjekta. Det er ein føresetnad at både administrativt ansvarleg og prosjektleiar deltek. På møtet vil vi gå gjennom prosjektpartnarane sine føresetnader for å kunne gjennomføre prosjektet og behov for eventuelle endringar.

Desse dokumenta vil vere utgangspunkt for gjennomgangen:

- Søknaden og føringane i dette tilsegnsbrevet,
- Utkast til kontrakt lagt ved, basert på informasjon i søknadsskjemaet (Nb. Den vil kunne verte endra, mellom anna på grunn av vilkår i dette brevet.)
- Skjema og rettleiing for rekneskapsrapportering
- Eigenerklærings skjema for bedrifter

Møta vert organisert som fysisk møte i Bergen eller videokonferanse. Vi ber om at prosjektansvarleg melder frå mulege tidspunkt for møte.

3. Informasjon om kva vurdering prosjektet fekk

Kopi av vedtak med vurdering av søknaden er lagt ved.

4. Klageadgang

I følge "Retningslinjer for regionale forskingsfond" fastsett av Kunnskapsdepartementet 23. oktober 2009, revidert 7. april 2013, er vedtak i fondsstyret om tildeling av støtte ikkje enkeltvedtak etter forvaltningslova, og klagereglar i forvaltningslova gjeld ikkje. Retningslinene (punkt 10) gir likevel ein rett til å klage over feil ved sakshandsaminga.

Kunnskapsdepartementet har delegert si mynde i klagesaker for vedtak fatta av fondsstyra for dei regionale forskingsfonda til Noregs forskingsråd.

Søklar kan klage på formelle feil og andre feil ved sakshandsaminga. Ein klage skal verte sendt til styret for RFF Vestlandet. Klage må verte sendt innan 3 veker etter at dette brev er motteke. Eit klagebrev må vise til den avgjersla det vert klaga på. Vidare må klagen innehalde ei grunngjeving for klagemålet. Fondsstyret si adresse er Regionalt forskingsfond Vestlandet, Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Pb 7900, 5020 Bergen. Styret for RFF Vestlandet tek først stilling til klagen. Dersom styret ikkje gir klagar medhald, skal styret førebu klagesaken og sende den til Forskningsrådet for avgjersle.

5. Spørsmål?

Dersom de har spørsmål, ta kontakt med sekretariatet på forsking@hfk.no eller ta kontakt med oss på telefon – sjå [kontakinformasjon](#) på RFF Vestlandet si nettside.

Nytt vår referanse

Ver venleg å nytt **prosjektnummer «prosjektNr»** i overskrift på all korrespondanse med RFF Vestlandet om prosjektet.

Med venleg helsing

Jone Engelsvold
sekretariatsleiar

Rajwinder Kaur Daphu
rådgivar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.